KIN1503 Eksamen hausten 2021

Informasjon

Måndag 15. november, 4 timar, kl 9:00-13:00.

Oppgåvesvaret ditt blir automatisk lagra i Inspera kvart 15. sekund. Du kan når som helst navigere mellom dei ulike oppgåvene, men kvar oppgåve må bli svart på under riktig oppgåvenummer. Ved eksamenslutt blir oppgåvesvaret automatisk levert til sensur. Etter å ha starta prøva, ser du kor lang tid du har igjen oppe til venstre. Du kan endre språk/målform i Inspera ved å trykke på tannhjulet oppe til høgre. Om du ønsker å trekke deg undervegs, trykk på ikonet i høgre hjørnet for å få opp valet "eg vil trekke meg".

Praktisk informasjon om eksamen

Eksamen består av 4 oppgåver. Du må svare på alle oppgåvene. Skriv mellom 300 ord og 700 ord per spørsmål. Svar på norsk, svensk, dansk eller engelsk.

Sitat- og kjeldebruk

Om du siterer, hugs å bruke hermeteikn og oppgi sidetal og andre bibliografiske opplysingar. Det er viktig at du set deg inn i reglane for sitat- og kjeldebruk: https://www.hf.uio.no/studier/ressurser/kilder/index.html.

På korte digitale heimeeksamenar (2-6 timar) er det ikkje krav om litteraturliste på slutten av oppgåvesvaret. Dersom du brukar andre sitt materiale i oppgåvesvaret ditt utan å opplyse om dette, kan det bli rekna som fusk eller forsøk på fusk. Fusk kan få alvorlege konsekvensar for deg som student. For meir informasjon sjå https://www.uio.no/studier/eksamen/kildebruk/

Kontaktinformasjon

Dersom du har tekniske problem med Inspera eller har andre spørsmål, ring 22 84 10 70. Vi er tilgjengelege frå en halvtime før eksamen startar. Dersom du har faglege spørsmål, ring faglærar (Koen Wellens) på telefon 90512313 eller send epost: koenraad.wellens@ikos.uio.no. (BERRE dei 2 første timane av eksamen).

Følgande punkt blir vektlagt i vurderinga av eksamen

- Svarer kandidaten på spørsmålet?
- Er oppgåvesvaret relevant i forhold til å belyse spørsmålet?
- Er framstillinga klar og tydeleg (også språkleg)?

Spørsmål 1

Drøft rolla til den sosiale klassen som ofte vert kalla den konfusianske eliten, "scholarly elite", "the scholar-officiel", literati eller (lavadel) shensi gjennom Kina si historie. Inkluder rolla til den sosiale klassen også i Song og sen-Qing periodane.

Spørsmål 2

Når omtrent kom buddhismen til Kina, og kvifor slo religionen an i Kina? Korleis utvikla buddhismen seg der gjennom det første millenniet? Kvifor møtte buddhismen både framgang og motgang under Tang?

Spørsmål 3

Nemn nokre av dei sentrale trekka ved Deng Xiaopings reformpolitikk og diskuter korleis desse reformane var medverkande til Kinas store økonomiske vekst.

Spørsmål 4

Diskuter korleis "Kina-faktoren" har påverka taiwansk politikk sidan 1990-talet. Ta gjerne med ein diskusjon av Rigger sin bruk av uttrykka "The China inside" og "The China outside".